


SYKKYLVEN KOMMUNE KONTROLLUTVALET



Kopi til: ordføreren, kommunedirektøren og revisjon.

Medlemmane av kontrollutvalet

Onsdag, 15. september 2021 kl. 14.00, møterom Megardsdalen i bankbygget.

SAKLISTE

- Sak 13/21 Godkjenning av møteboka frå møte 15. mai 2021
- Sak 14/21 Meldingar til kontrollutvalet
- Sak 15/21 Etterlevelseskontroll på området eigedomsskatt
- Sak 16/21 Status forvaltningsrevisjon Sykkylven kommune – innkjøp og offentlege anskaffingar
- Sak 17/21 Budsjett Sykkylven kontrollutval 2022

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 926 11735 til dagleg leiar eller e-post bjorn.tommerdal@sksiks.no

Leonhard Vårdal
leiar
(sign.)



GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 15. MAI 2021

MØTEBOK

Møtedato: 19.05.2021, kl.14.00

Møtestad: Sparebankbygget, Pilgata 10

Møtet vart leia av: Leonhard Vårdal

Elles til stades: Petter Hole-Drabløs, Grethe Melseth, Kjellaug Roald og Målfinn Aanning.

= 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå Møre og Romsdal Revisjon SA møtte oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram.

Frå administrasjonen møtte kommunedirektør Geir Ove Vegsund og økonomisjef Torbjørn Emblem.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling. Saklista vart godkjend.

Sykkylven kontrollutval



Saksgang: kontrollutvalet
Saks nr.: 10/21

Møtedato: 19. mai 2021
Sakshandsamar: Bjørn Tømmerdal

GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 7. APRIL 2021

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 12. mai 2021.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møteboka frå 7. april 2021.

Sykkylven kontrollutval



Saksgang: kontrollutvalet
Saks nr.: 11/21

Møtedato: 19. mai 2021
Sakshandsamar: Bjørn Tømmerdal

RAPPORT ETTER REVISJON 2020

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 12. mai 2021.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek rapporten etter revisjon 2020 til vitande.



UTTALE TIL ÅRSREKNESKAPEN OG ÅRSMELDINGA FOR 2020 – SYKKYLVEN KOMMUNE

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 12. mai 2021.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Med grunnlag i kontrollutvalet sine kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga uttalar kontrollutvalet følgande:

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga 2020 for Sykkylven kommune.

Eventuelt:

Sekretariatet orienterte om framdrifta på arbeidet med forvaltningsrevisjonen.

Møtet var slutt kl. 14.35

Leonhard Vårdal
Leiar
(sign.)

Petter Hole-Drabløs
nestleiar
(sign.)

Målfinn Aanning
medlem
(sign.)

Grethe Melset
medlem
(sign.)

Kjellaug Roald
medlem
(sign.)



MELDINGAR

Melding nr. 1: Førespurnad om lovleghetskontroll og svar frå kontrollutvalsekretariatet.

Tilråding til vedtak:

Sykkylven kontrollutval tek meldingane til vitande.

Fra: Bjørn Tømmerdal
Til: Audun Gautvik
Kopi: Grethe Melseth (grethe.melseth@gmail.com); Kjellaug Roald (kjellaug.roald@gmail.com); Leonhard Vårdal (leonhvar@gmail.com); Målfinn Aanning (maalfinn.aanning@icloud.com); Petter Hole Drabløs (pehodka@xi.no)
Emne: førespurnad til Sykkylven kontrollutval
Dato: mandag 21. juni 2021 09:12:00

Hei

Vi bekreftar å ha mottatt eposten din og førespurnaden vil bli lagt fram som orientering for Sykkylven kontrollutval på deira neste møte som er planlagt 15. september 2021.

Kontrollutvalet har ikkje mynde til å gjere lovlighetskontroll av vedtak gjort av kommunestyret. For nærare informasjon om lovlighetskontroll anbefalar vi følgande link:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/veileder-om-lovlighetskontroll-etter-kom/id742405/>

Beste helsing

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS
Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar

Tlf. 92611735
Sjå nærare på kontrollutval.no



Fra: Audun Gautvik <audun.gautvik@gmail.com>
Sendt: onsdag 16. juni 2021 13:16
Til: leonhvar@gmail.com; pehodka@xi.no; grethe.melseth@gmail.com; kjellaug.roald@gmail.com; SKS IKS <sksiks@sksiks.no>; sfmrpost@statsforvalteren.no; Sykkylven kommune <postmottak@sykkylven.kommune.no>; Siv Katrin Ulla <siv.katrin.ulla@mrfylke.no>
Kopi: lene.bjastad@volda.kommune.no; cecilie.teunissen@alesund.kommune.no
Emne: Lovlighetskontroll av vedtak PS29/21 i Sykkylven Kommune

Hei Kontrollutvalg og statsforvalter

Ber om lovlighetskontroll av vedtakene som har blitt gjort i saken fra Kommunestyre Sak 29/21
Da spesielt opp mot § 17 i forvaltningsloven, § 5-12 i kommuneloven,

forskrift om medvirkningsordninger § 1 og § 2
og Veileder for rådene for personer med funksjonsnedsetting.

Under kommunestyre sin behandling av PS29/21

Handlingsplan mot vald i nære relasjoner for kommuner på sunnmøre. Ble de gjort oppmerksom på at de ikke har fulgt kommuneloven og tilhørende forskrifter.

Da skulle de etter forvaltningsloven §17 utsatt saken til rådene hadde fått behandlet saken.

Kommunen innrømmet under streamen de ikke hadde sendt den til råda før møte. Pluss at administrasjonen foreslår at de kan sende planen til informasjon etter på, uten mulighet til å gi råd. Det må jo være brudd på kommunene og forvaltnings loven.

<https://sykkylven.kommunetv.no/archive/58?caseId=1864>

<https://www.smp.no/nyheter/2021/04/20/GI%C3%B8ymde-%C3%A5-sende-plan-p%C3%A5-h%C3%B8yring-23833962.ece>

<https://lovdata.no/lov/1967-02-10/§17>

<https://lovdata.no/lov/2018-06-22-83/§5-12>

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-06-17-727>

https://bufdir.no/fagstotte/produkter/radene_for_personar_med_funksjonsnedsetting_rettleiar/

--

Vennlig Hilsen

Audun Gautvik
Fabrikkvegen 3
6223 Ikornnes

tlf: +47 900 86 052

epost: audun.gautvik@gmail.com

gautvik.priv.no



ETTERLEVELSESKONTROLL PÅ OMRÅDET EIGEDOMSSKATT

Vedlegg: Uttale frå revisor datert 29. juni 2021 og lysark presentasjon for kontrollutvalet i Sykkylven kommune.

Bakgrunn:

Formålet med forenkla etterlevelsesk kontroll er, innanfor ei avgrensa ressursramme, å førebygga svakheiter og sikra at økonomiforvaltninga til kommunen følgjer avgjerder og vedtak på økonomiområdet. Det bygger opp under god økonomiforvaltning, openheit og tillit til forvaltningspraksis.

Målsetjinga med kontrollen er å etablera enkle og jevnlege kontrollhandlingar som kan fanga opp vesentlege svakheiter i sentrale delar av økonomiforvaltninga. Kontrollhandlingane kan mellom anna gjerast på område der brot har særlege økonomiske konsekvensar, eller i særleg grad svekker tilliten til økonomiforvaltninga. Kontrollhandlingane skal ein grunngjeve i risiko- og vesentlighetsvurderinga.

Revisor utfører forenkla etterlevelsesk kontroll med moderat trygging i samsvar med kommunelova og revisjonsstandardar. Moderat trygging blir slik definert:

klart lågare enn tryggande sikkerheit, men skal auka tilliten til dei tiltenkte brukarane til informasjonen i ei grad som er klart høgare enn ubetydeleg.

Område for forenkla etterlevelsesk kontroll kan vera finansforvaltninga, sjølvkostområda, offentlege innkjøp og offentlig trygd.

Andre område som utrekning av driftstilskot til private barnehagar, andre tilskot/ overføringar til private, konsesjonsvilkår, kontraktsoppfølging kan òg vera aktuelt, lista er ikkje uttømmende.

Det vil vera ein konkret risiko- og vesentlighetsvurdering for den enkelte kommunen som er avgjerande for kva område som blir valde ut for kontroll.

Forenkla etterlevelseskontroll av økonomiforvaltninga omfattar ikkje vurderingar av produktivitet, kostnadseffektivitet, kvalitet, måloppnåelse og verknader. Slike vurderingar fell inn under forvaltningsrevisjon.

I kontrollutvalet sitt møte 25.11.2020, sak 19/20, presenterte revisor ei ROV-vurdering for forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga for rekneskapsåret 2020. Denne skal ligge til grunn for val av kva område kontrollutvalet vil at det vert utført kontroll.

Kontroll av etterleving av reglane for berekning av eigedomsskatt blei valt i samråd med revisjonen.

Vedlagte lysark presentasjon vil bli gått igjennom av oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram på møte i kontrollutvalet 15. september 2021.

Tilråding til vedtak:

Sykkylven kontrollutval tek revisor sin uttale til orientering.

Forenklet etterlevelseskontroll 2020 - eiendomsskatt

Kontrollutvalget Sykkylven kommune

OVERSENDT ADMINISTRASJONEN 24. JUNI 2021

MØTE I KONTROLLUTVALGET 15. SEPTEMBER 2021

Kriterier og kilder

- ▶ Det ble satt følgende kriterier for kontrollen:
 - ▶ 1. Om fakturert sats er i samsvar med vedtak i kommunestyret
 - ▶ 2. Om eier av eiendommen er fakturamottaker
 - ▶ 3. Om kommunen har benyttet korrekt grunnlag for beregning av eiendomsskatt
- ▶ Kilder for kriterier er hentet fra
 - ▶ 1. Lov om eiendomsskatt til kommunene
 - ▶ 2. Vedtak i kommunestyret
 - ▶ 3. Matrikkel-opplysninger om eier, bruksareal mm

Oppsummering av funn

- ▶ Våre funn gjeldende Sykkylven kommune oppsummeres slik
 - ▶ 1. Fakturert sats er i samsvar med vedtak i kommunestyret
 - ▶ 2. Eier av eiendommene er fakturamottaker
 - ▶ 3. kommunen har benytta korrekt grunnlag for beregning av eiendomsskatt

Normalkonklusjon i vår uttalelse

Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt oppmerksomme på noe som gir oss grunn til å tro at Sykkylven kommune ikke i det alt vesentlige har etterlevd bestemmelsene i lov om eiendomsskatt.

Rapporting

- ▶ Revisjonens funn og konklusjon er rapportert til kontrollutvalg med kopi til kommunedirektøren, datert 29. juni 2021
- ▶ Vi mottok signert fullstendighetserklæring fra kommunedirektøren 29. juni 2021

Til Kontrollutvalget i Sykkylven kommune	Kopi til Kommunedirektøren i Sykkylven kommune
--	--

Uttalelse fra revisor om forenklet etterlevelsesk kontroll med økonomiforvaltningen

Uavhengig revisors attestasjonsuttalelse om etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen.

Vi har utført et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet, i forbindelse med Sykkylven kommunes etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen vedrørende området eiendomsskatt, hvor vi kontrollerer:

1. om fakturert sats er i samsvar med vedtak i kommunestyret
2. om eier av eiendommen er fakturamottaker
3. om kommunen har benytta korrekt grunnlag for beregning av eiendomsskatt.

Periode:

Vi har kontrollert perioden fra 1. januar til 31. desember 2020.

Kriterier er hentet fra Lov om eiendomsskatt.

Ledelsens ansvar for etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen

Kommunedirektøren er ansvarlig for å etablere administrative rutiner som sørger for at økonomiforvaltningen utøves i tråd med bestemmelser og vedtak, og at økonomiforvaltningen er gjenstand for betryggende kontroll.

Vår uavhengighet og kvalitetskontroll

Vi har utført oppdraget i samsvar med etiske retningslinjer for Møre og Romsdal Revisjon SA, som inneholder uavhengighetskrav og andre krav basert på grunnleggende prinsipper om integritet, objektivitet, faglig kompetanse og tilbørlig aktsomhet, fortrolighet og profesjonell opptreden.

I samsvar med internasjonal standard for kvalitetskontroll (ISQC 1) har Møre og Romsdal Revisjon SA et tilstrekkelig kvalitetskontrollsystem, herunder dokumenterte retningslinjer og rutiner for etterlevelse av etiske krav, faglige standarder og krav i gjeldende lovgivning og annen regulering.

Våre oppgaver og plikter

Vår oppgave er å avgi en uttalelse om etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen på grunnlag av bevisene vi har hentet inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerhet i samsvar med kommunelovens regler og RSK 301 Forenklet etterlevelsesk kontroll med økonomiforvaltningen. Standarden krever at vi planlegger og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerhet for hvorvidt det foreligger vesentlige feil eller mangler ved etterlevelse av bestemmelser og vedtak i kommunens økonomiforvaltning på det området vi har foretatt forenklet etterlevelsesk kontroll.

Vi baserer oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering som er lagt frem for kontrollutvalget.

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Utføring av et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet i henhold til RSK 301, innebærer å utføre handlinger for å innhente bevis for at bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen etterleves. Typen, tidspunktet for og omfanget av de valgte handlingene er gjenstand for revisors skjønn. Moderat sikkerhet har klart lavere sikkerhetsgrad enn betryggende sikkerhet, og vi gir derfor ikke uttrykk for samme nivå av sikkerhet som i en revisjonsberetning.

Vi mener at vi har innhentet tilstrekkelig og hensiktsmessig bevis som grunnlag for vår konklusjon.

Grunnlag for konklusjon

Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt oppmerksomme på noe som gir oss grunn til å tro at Sykkylven kommune ikke i det alt vesentlige har etterlevd bestemmelsene i de interne rutineene som gjelder for eiendomsskattområdet.

Denne uttalelsen er utelukkende utarbeidet for det formål som er beskrevet ovenfor og til kontrollutvalget i Sykkylven kommunes informasjon, og skal ikke brukes til noe annet formål.

Ålesund, 29. juni 2021

Møre og Romsdal revisjon SA



Kathrin Haram

oppdragsansvarlig revisor



STATUS FORVALTNINGSREVISJON

Vedlegg: epost frå forvaltningsrevisor Anne Lise Roald datert 20. august 2021

Bakgrunn:

frå møteboka til Sykkylven kontrollutval 2. mars 2021:

Sak 04/21 – Prosjektplan for forvaltningsrevisjon.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak: Kontrollutvalet set i gang arbeidet med ein forvaltningsrevisjon innan temaet «offentleg innkjøp» i tråd med vedlagte prosjektplan.

Halde seg orientert undervegs

Etter at prosjektet er bestilt og fram til levering av ferdig rapport, er det viktig at kontrollutvalet held seg informert om status for prosjektet. Standard for forvaltningsrevisjon stiller ikkje nokon konkrete krav til form og innhald i ei slik rapportering, utover at det bør vere ein god kommunikasjon mellom revisor og bestillar. Kor ofte og korleis det skal rapporterast undervegs i prosjektperioden, kan avtalast mellom revisor og kontrollutval, med utgangspunkt i kva kontrollutvalet treng og ynskjer.

Faktorar som kan vere viktige i denne samanhengen er kva omfang og utstrekning i tid prosjektet har. Andre viktige forhold kan vere kor ofte kontrollutvalet held møte, og dessutan utvalet si erfaring med forvaltningsrevisjon og/eller erfaring knytt til å samarbeide med den revisjonseininga som gjennomfører undersøkinga.

For prosjekt som går over lenger tid, kan det vere naturleg at revisjonen rapporterer status for prosjektet i kontrollutvalet sine møte undervegs i prosjektperioden. Rapporteringar kan medverke til at partane får avklara om undersøkinga blir utført i samsvar med kontrollutvalet sine intensjonar, og om framdrifta i prosjektet er tilfredsstillande.

Tilråding til vedtak:

Sykkylven kontrollutval tek orienteringa til vitande.

Fra: [Anne-Lise Roald](#)
Til: [Bjørn Tømmerdal](#)
Kopi: [Marianne Hopmark](#)
Emne: Status forvaltningsrevisjon Sykkylven kommune
Dato: fredag 20. august 2021 11:36:31

Hei, takk for praten! Sender som avtalt status og ny plan for forvaltningsrevisjonen i Sykkylven.

Sykkylven kommune har vore i ein noko spesiell situasjon siste halvåret, med stor utskifting i leiargruppa. Det har teke meir tid enn ein først trudde å finne informasjonen som er etterspurd frå revisjonen. Mykje av informasjonen kjem frå einingane, og ein har funne fram mykje av den dokumentasjonen og informasjonen som er etterspurd. Ein del av rutine for utarbeiding og oppbevaring av dokumentasjon og informasjon er allereie i prosess med å endrast som følgje av revisjonsprosessen. Ein del av informasjonen/dokumentasjonen som er etterspurd er langt på veg ferdigstilt.

- Kontroller Martin Hole vil sende over informasjonen som er etterspurt innan utgangen av veke 34.
- Ferdigstilt rapport før 20. september.
- Høyringsperiode: september/oktober 2021
- Endeleg rapport til kontrollutvalet i november

Anne-Lise Roald



BUDSJETT SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL 2022

Bakgrunn

I medhald av § 2 i forskrift om kontrollutval og revisjon skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet sitt forslag til budsjett skal følge innstillinga til årsbudsjettet til kommunestyret. (*kommunelova § 14-3 tredje ledd*)

Vurdering

Sykkylven kommune er med i det interkommunale selskapet Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS (SKS IKS). Sykkylven kommunestyre godkjente ny selskapsavtale i kommunestyresak 027/19. I tråd med selskapet sine vedtekter er det representantskapet som vedtek budsjettet for selskapet og sender dette til medlemskommunane. Dette budsjettoppsettet handlar difor om utgifter til kurs og opplæring av kontrollutvalet, samt kjøp av revisjonstenester frå Møre og Romsdal revisjon SA.

Sykkylven kommune har valt Møre og Romsdal Revisjon SA som sin revisor. Revisjonen består av rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og annan kontroll som er bestemt i lov eller i medhald av lov og andre uttaler og kontrollhandlingar, og omfattar revisjon av kommunerekneskapen og konsolidert kommunerekneskap.

Utførte revisjonshandlingar vert fakturert ut frå brukt tid og med faste timesatsar som vert vedtekne i samband med selskapet sitt budsjett i årsmøte.

Omfanget av forvaltningsrevisjonen vert ut frå bestillingar frå kontrollutvalet med utgangspunkt i kommunestyret sin vedtekne plan for forvaltningsrevisjon. Regnskapsrevisjon omfattar oppgåver som går fram av Plan for revisjon mv.

Andre tenester er dei tenester som verken er regnskapsrevisjon eller forvaltningsrevisjon, medrekna særattestasjonar som t.d. stadfesting av kommunen sitt grunnlag for krav om momskompensasjon. I tillegg kjem forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga, eigarskapskontroll, fagleg rettleiing, undersøkingar som revisjonen eventuelt utfører, møter i kommunestyret og møter i kontrollutvalet.

Sekretariatet har motteken eit grunnlag frå Møre og Romsdal Revisjon SA som byggjer på erfaringstal frå 2019, 2020 og delar av 2021. Ut frå dette vil ein foreslå eit budsjett for 2022 på kr 860.000,- for dei tenester som revisjonen utfører.

Det er viktig at for kvaliteten på kontrollarbeidet at kontrollutvalet får høve til å halde seg ajour kunnskapsmessig og delta i erfaringsutveksling og på samlingar med andre kontrollutval. Gjennom store delar av 2020 og så langt i 2021 har dette vore krevjande å få til, på grunn av reiserestriksjonar knytt til den pågåande pandemien. Særskilt gjennom denne tida har ein erfart at nytten av å treffe kontrollutval i andre kommunar og få delta i erfaringsutveksling er stor.

Den viktigaste samlinga har vore den årlege kontrollutvalskonferansen i regi av NKRF (Norges Kommunerevisorforbund) som plar vere på Gardermoen.

No har FKT (Forum for kontroll og tilsyn) etablert sin årlege konferanse for kontrollutval. Sekretariatet har råda kontrollutvala til å delta på FKT sin konferanse neste gong det er mogeleg, slik at ein har eit grunnlag for å samanlikne tilboda. Generelt så held desse konferansane høg kvalitet og har eit godt fagleg innhald og heile utvalet bør delta samla.

I tillegg kan det bli aktuelt med andre opplæringssamlingar. Gjerne samlingar som vert gjennomført digitalt, der reiseutgiftene vert minimale. Kommunal- og Moderniseringsdepartementet har i sine 85 anbefalingar for styrka eigenkontroll i kommunen vist til at opplæring i kontrollutvala er et viktig område.

Ein gjer merksam på at godtgjersle knytt til møta i kontrollutvalet vil vere ein del av Sykkylven kommune sitt reglement for honorar, løn og arbeidsvilkår for folkevalde og blir ikkje omfatta i denne spesifikke saka.

Tilrådinga til vedtak vert sendt ti rådmann for innarbeiding i innstillinga til årsbudsjett 2022.

Kontrollutvalet sitt forslag til budsjettramme skal følgje uendra innstillinga til årsbudsjett etter kommunelova §14-3 tredje ledd, til kommunestyret si handsaming av budsjett 2022. *Jf. Forskrift om kontrollutvalg og revisjon, § 2 kontrollutvalgets rolle i fastsettelsen av budsjettet for kontrollarbeidet.*

Tilråding til vedtak

Sykkylven kontrollutval tilrår ei budsjettramme for kontrollarbeidet 2022 på kr 900.000,- slik:

1. Kurs og reiseaktivitet knytt til opplæring og erfaringsutveksling kr 40.000,-.
2. Kjøp av revisjonstenester frå Møre og Romsdal Revisjon SA kr 860.000,-.
Fordelt på kr 560.000,- til rekneskapsrevisjon/andre tenester og kr 300.000,- til forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll.